



Johannes Eknes og Eva Kristin Bakke Eknes
Eknes 25
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3390 - 18/4565

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.02.2018

Vedkomande søknad om riving av naust og etablering av nytt naust - gbnr 238/1 Eknes indre

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 238/1 Eknes 25
Tiltakshavar: Johannes Eknes og Eva Kristin Bakke Eknes
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.11.2017.

Førebels vurdering:

Det er søkt om riving av eksisterande naust og etablering av naust med bygd areal (BYA) på 48,6 m². Vidare er det søkt om etablering av støpt dekke rundt det nye nauste og ei ny båtopptrekkrampe. Tomta ligg innafør LNF-området i kommuneplanens arealdel.

Storleik

Kommuneplanens arealdel legg føringar for naust innafør LNF-området, vi syner til føresegn 5.36. Naust innfor desse områda må ikkje overskride 40 m² BRA, altså bruksareal. Slik søknad ligg føre no kan vi ikkje godkjenne naust med storleik over 40 m² BRA. Alternativt må det søkjast om dispensasjon frå føresegn 5.36 for oppføring av naust med ein storleik over 40 m² BRA.

Avstand til nabogrense

Det er søkt om støpt dekke rundt naustet. Avstand til nabogrense går ikkje fram av innsendt situasjonskart eller innsendte teikningar. Vi ber difor om at nytt situasjonskart vert sendt inn, der *minsteavstand* til nabogrense er ført på frå naust og evt. dekke rundt naust, og dei ytre måla på det som skal førast opp. Dette gjeld både for naust og støpt dekke.

Tiltak i sjø

Det er vidare søkt om båtopptrekk, og dette reknast som tiltak i sjø. Dersom det er planar om å etablere eit båtopptrekk som ikkje ligg der i dag må det godkjennast av Bergen og omland havnevesen om løyve til tiltak i sjø etter havnelova. Kommunen kan oversende saka til dei når etterspurd dokumentasjon er mottatt.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.03.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johannes Eknes og Eva Kristin Bakke Eknes 25
Eknes

5993

OSTEREIDET